
Saksnr: 2021/26764-1
Saksbehandlar: Edit Marie Asperanden,
Stig Aasland, Astrid
Hjellbakk

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		08.09.2021

Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune (DEL 1)

Forslag til innstilling/vedtak

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring for Vestland fylkeskommune, del 1.
2. Hovudutval for opplæring og kompetanse tek til vitande at Kvalitetsmeldinga for vidaregåande opplæring i si heilheit (del 1 og del 2) skal handsamast i hovudutvalet for opplæring og kompetanse i november 2021 og i fylkestinget i desember 2021.

Samandrag

Kvalitetsmeldinga byggjer på kvalitets- og utviklingsplanen for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring». Måla og strategiane i denne planen byggjer på Vestland fylkeskommune sin visjon «nyskapande og berekraftig» og verdiane «modig, open og kompetent». Meldinga gir eit grunnlag for å vurdere kva tiltak skuleeigar skal prioritere for å auke kvaliteten i vidaregåande opplæring. Denne meldinga er første utgåve etter fylkessamanslåinga og er eit kunnskapsgrunnlag i arbeidet med å utvikle det første handlingsprogrammet til mål- og strategiane for den vidaregåande opplæringa i Vestland fylkeskommune.

Bjørn Lyngedal
avdelingsdirektør

Kenth Rune Teigen Måren
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune (DEL 1)

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Opplæringslova § 13-3e Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å arbeide med kvalitetsutvikling

Kommunen og fylkeskommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4. Som ein del av oppfølgingsansvaret, skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av kommunestyret og fylkestinget.

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga.

Opplæringslova § 13-10 Ansvarsomfang for kommunen og fylkeskommunen

Kommunen og fylkeskommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, også å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for opplæring og kompetanse har i følgje reglement for folkevalde organ og delegering vedtakskompetanse i saker etter fullmakt fastsett i reglement for delegering etter særlov.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Vil påverke økonomiske prioriteringar gjennom oppfølginga av mål og strategiar «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring».

Klima:

Ikkje relevant

Folkehelse:

Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Kvalitetsmeldinga er sentral i arbeidet med sektoren sin temaplan «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring».

Konklusjon

Avdelingsdirektøren rår til at Kvalitetsmeldinga del 1 vert vedteken.